

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201203249-3/746/HANESPE

Dykkar ref.:

Bergen, 15. mai 2012

Oppmoding om utarbeiding av ny stortingsmelding om friluftsliv

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftsområde langs kysten i Rogaland og Hordaland. Visjonen for arbeidet er ”levande kystnatur i vest: sjø og fjell – bli med då vel!”. Partnerane i samarbeidet er Bergen og Omland Friluftsråd, Dalane Friluftsråd, Friluftsrådet Vest, Jæren Friluftsråd, Ryfylket Friluftsråd, Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Styret har representant frå alle partnerane. Handlingsplan for Vestkystparken for 2011-2015 er styrande for arbeidet.

Styret i Vestkystparken vedtok på styremøtet 26. april 2012 å arbeide for å få ei ny stortingsmelding om friluftsliv så snart som råd. Behovet kan konkretiserast gjennom følgjande punkt:

1. I 2010 vart ulike oppgåver knytt til friluftsliv overført frå fylkesmannen til fylkeskommunen i samband med forvaltningsreforma. Fylkeskommunane er ein regional utviklingsaktør der friluftsliv er eit sentralt verkemiddel.
2. Det er vedteken ny folkehelselov i 2011 og samhandlingsreforma er iverksett i 2012. Folkehelseutfordringane knytt til inaktivitet har auka sidan gjeldande stortingsmelding vart vedteken.
3. Ny plan og bygningslov vart vedteken i 2009. Dette gir ein ny standar for universell utforming og deltaking/medverknad i lokale og regionale planprosessar. Arbeidet med friluftsliv skal forankrast i plan både på lokalt og regionalt nivå.
4. Krava til auka tilgjengelegheit og universell utforming er sett på dagsorden og lovfesta med nye konsekvensar for friluftslivsarbeidet.
5. Det er auka fokus på å sikre nye friluftslivsområde i nærmiljøet. Dette gir ein kraftig auka kostnad ved kjøp. Statlege bidrag til sikring må verte følgd opp med midlar til å opparbeide og drifte friluftsområda.
6. Klimautfordringar og bærekraftig livsstil tilseier sterkare fokus på tilrettelegging for friluftsliv og reiseliv i nærmiljøet. Villare vær gjer at kostnadane ved t.d. fundering av turløyper og kaiar vert betydeleg dyrare.
7. Naturmangfaldslova skal ligge til grunn for all forvaltning som kan påverke naturmangfald, og skal takast med i planlegging og tilrettelegging av friluftsområda.
8. Det trengs nye verkemidlar og auka innsats for at alle barn og unge skal få opplæring i og tilbod

om friluftslivsaktivitetar. Barnehagar og skular er viktige arenaer med m.a. innføring av den Naturlege skulesekken.

9. Norge har fått langt fleire nye landsmenn. Det må tilretteleggast gjennom informasjon og opplæring slik at dei kan ta del i friluftslivet.

10. Arbeidet med handlingsplan for friluftsområder og nærmiljøsatsinga 2013-2023 bør setjast inn i ein heilskapleg politikk som synleggjer statens vegval og verkemiddelbruk for friluftslivsfeltet dei komande 10-15 åra.

Styret i Vestkystparken imøteser eit snarleg svar, og ønskjer dykk lukke til vidare med eit viktig og utfordrande arbeid med friluftsfeltet. Vi vil gjerne bidra i prosessen med å utforme ein ny statleg friluftspolitikk. Ta kontakt om noko er uklårt eller de har spørsmål til våre innspel. Leiar for sekretariatet er fylkesidrettssjef i Hordaland fylkeskommune Britt Karen Spjeld, tlf: 55239182/45666326 eller e-post britt-karen.spjeld@hfk.no

Med venleg helsing

Anne Beth Njærheim
Styreleiar Vestkystparken

Kopi: Friluftsrådenes Landsforbund
Alle fylkeskommunar